



Til Vestland fylkeskommune v/ fylkesordfører Jon Askeland
Kopi: Ordførarar og kommunane i Hardanger og Voss

Uttale til RTP frå Hardanger og Voss Ungdomsråd

For alle kommunane i regionen er det svært viktig at me vert prioriterte i RTP. Me har store utfordringar knytt til ras- og trafikksikring på mange av vegane våre. For oss er det mykje viktigare å få dette på plass enn store flotte vegar med fire felt og høg fartsgrense.

Det er viktig for oss at:

1. Alle skal kunna ferdast trygt
2. Skulevegen skal vera trygg og open for alle
3. Alle skal kunna komma seg enkelt fram utan å bli hindra av ras eller vera redde for at ein skal bli teken av ras.
4. RTP prioriterer dei mest rasutsette vegane i distriktet.

Mange elevar går glipp av viktig undervising når einaste vegen deira ut i verda og til undervisningsstad vert stengd av ras. Det skapar ei stor usikkerheit i kvardagen for befolkninga og mange unge er redde når dei ferdast langs dei rasutsette vegane. Rassikring og trafikksikringstiltak må på plass slik at alle kan føla seg trygge på veg til skule, arbeidsstad, helsetilbod eller berre på gjennomreis.

Det er viktig for oss at Europa- og riksvegane, samt omkøyringsvegane for desse er trygge og effektive. Me ber difor om at desse vegane vert prioriterte:

- Riksveg 13 mellom Kinsarvik og Bu
- Fylkesveg 49 ved Tokagjelet
- Europaveg 16 K5

For oss som ungdom i distriktet er dette viktige strekningar som både er farlege og ineffektive. Dei er difor til stort hinder for utvikling i regionen. For at det skal vera attraktivt for oss ungdomar å seinare busetja oss å driva bygdene i området vidare, er gode og trygge tilkomstvegar ein føresetnad.

Kinsarvik 09.02.2021

Hardanger og Voss Ungdomsråd
v/ Sander Eide Aase
Leiar